

Politikarane i Fitjar

v/Harald Rydland

Kommunestyret

Samarbeidsutvalet

v/Øvrebygda skule

BREV OM BUDSJETT 2023 OG ØKONOMIPLAN 2023-2026 FRÅ SAMARBEIDSUTVALET VED ØVREBYGDA SKULE

Samarbeidsutvalet ynskjer å kome med merknader til budsjett- og økonomiplanframlegget frå kommunaldirektøren. Me er klar over at kommunen er inne i ein vanskeleg økonomisk situasjon med manglande inntekter og auka utgifter pga nedgang i elevtal og kostnader innan helse og omsorg.

I budsjettkommentaren vår vil det omhandla uheldige nedskjeringar og tiltak som er tatt ut eller ikkje finansiert.

Desse punkta ynskjer me at kommunestyret tar med i vidare budsjettarbeid:


1. Me opplever ein stram ressurstilgang. Nedtrekket av pedagogtimar dei siste åra frå 21 t/v til 14 t/v dei tre siste åra har ført til fleire samanslåtte timar og fleire samanslåtte grupper. Dette har gjort det vanskelegare å følgja opp elevar. Øvrebygda skule har ikkje vedtak om spesialundervisning og har ei nøktern driftsramme.
2. Samarbeidsutvalet vil påpeika at det er svært negativt for skulen vår å flytta 7.klasse. Me arbeider etter kompetansemåla for 7.klasse og det er uheldig for skulen vår at me mister denne gruppa ved skulen vår. Skulen gjer ein del felles aktivitetar, og dei er ei viktig gruppe på skulen vår for miljøet. Elevane i 7.klasse får eitt år der dei er litt meir skjerma. Då får dei eit år der dei får jobba godt med kjernefaga norsk, matematikk og engelsk. Flytting av 7.klasse vil føre til to klassar på 44 elevar ved Rimbareid skule. Flyttinga vil såleis føre til klassesdeling som må takast med. For oss vil det vera naturleg å flytta elevane når dei skal over i ungdomsskulen og danna to nye klassar. Det er kostnader med skyss og vinninga blir ikkje større enn at begge grendaskulane får ein svekka skulestruktur. Me opplevde det same i 2018, og det var ei negativ oppleving for skulen vår. 7. klasse er tatt ut i heile økonomiplanperioden. Vurdering av dette må takast i samband med skulebruksplanen og kva skulestruktur me ynskjer i Fitjar.
3. Det ligg inne eit nedtrekk på 1,1 stilling ved Øvrebygda skule. Det vil vera eit handlingsrom for at skulen kan sjå på organiseringa for å redusera kostnaden ved å halda 7.klasse på skulen vår.
4. Me er har fått lagt nytt dekke i ballbingen takka vera god dugnadsinnsats frå bygda. Kostnaden vert på om lag 150.000 kr mot budsjettert 200.000 kr. Dette fekk me til gjennom fantastisk positiv innstilling frå lokale entreprenørar og flinke folk i bygda. I budsjettet for 2022 hadde me også ynskje om å skifta ut eit gammalt utslite

leikeapparat som må sanerast på sikt. Kostnaden vil liggja på rundt 150.000 – 200.000 kr, og me håper at de kan få det med i økonomiplanen.

5. Me har ein skule med lite hærverk. Det er me glade for. Skulen har ein del vindaug som er rotne både i 39-bygg og punkterte vindaug i avdelinga for småskule. Det må setjast av pengar til naudsynt vedlikehald. Difor er det skuffande at posten til vedlikehald er redusert i kommunen når ein veit kva behovet er i kommunen. Det var ei styrking i 2022 på 300.000 kr, men denne er redusert med 200.000 kr i 2023 budsjettet. Skifte av vindaug vil også vera energisparande.
6. Me ventar enno på ventilasjonsanlegg i administrasjonsavdeling. I budsjettet for 2022 var det sett av 300000 kr. Det er alt for lite. Me ser at det ikkje er tatt med i økonomiplanen, og me undrar oss på kor lenge me skal arbeida med så dårleg inneklima.
7. Elles er det ikkje auke i læremiddelkontoen. Læremidla har hatt ein sterk prisauke, og me får ikkje fornya læremidla i tråd med ny læreplan. Difor bed me om at de tar de med i vurderinga.
8. Det er flott at det er sett av 600000 kr til investering i IKT i skulen. Utstyret må stadig skiftast ut, og satsinga på Chromebook har vel vore delvis vellukka. Me ynskjer at ein på sikt går tilbake til vanlege PC-ar. Det er ikkje berre å kjøpa inn IKT utstyr. Først og fremst må det vera ei pedagogisk utvikling. Då treng ein styrka kompetanse. Difor er det viktig at ein finn rom for ein pedagogisk rettleiar for IKT i kommunen i rundt 20 % stilling.

Me håper at innspela vert tatt med i budsjettarbeidet.

Fitjar, 29.11.2022



-rektor-



- leiar i SU Øvrebygda skule-